


21 AUG. 1992

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

Årsmelding 1991.



Fiskerirettleiaren
i Sunnhordland.

3039/1158

TENESTEDISTRIKT SONE 1, SUNNHORDLAND.

BØMLO KOMMUNE: Areal: 231 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.91: 9.787
Kommunesenter: Bremnes.

ETNE KOMMUNE: Areal: 708 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.91: 4.004
Kommunesenter: Etne.

FITJAR KOMMUNE: Areal: 155 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.91: 3.123
Kommunesenter: Fitjar.

KVINNHHERAD KOMMUNE: Areal: 1.136 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.91: 13.053
Kommunesenter: Rosendal.

STORD KOMMUNE: Areal: 140 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.91: 14.852
Kommunesenter: Leirvik.

SVEIO KOMMUNE: Areal: 264 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.91: 4.563
Kommunesenter: Sveio.

ØLEN KOMMUNE: Areal: 184 kv.km.
Innbyggjarar pr. 31.12.91: 3.123
Kommunesenter: Ølen.



FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND

5430 BREMNES



ÅRSMELDING FOR 1991 FRÅ FISKERIRETTLEIAREN I
SUNNHORDLAND.

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon
 - 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
 - 1.2. Personalet
 - 1.3. Korrespondansen
 - 1.7. Fiskerinemnda
 - 1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene
 - 1.9. Fiskerinemndsaker
 2. Sysselsettinga i fiskerinæringa
 - 2.1. Fiskarmanntalet
 - 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
 - 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
 - 2.4. Avleia verksemd
 3. Fiskeflåten
 - 3.1. Merkerregisteret
 - 3.2. Konsesjoner
 4. Foredlingsleddet
 - 4.1. Oppfiska kvantum/verde
 6. Låne- og andre finansieringskjelder
 - 6.1. Statens Fiskarbank
 - 6.2. Distriktenes Utbyggingsfond
 7. Tiltak/tiltaksplaner
 8. Summering
 - 8.1. Rettleiingstenesta
 - 8.2. Fiskerinæringa.
 9. HAVBRUK.
 - 9.1. Fiskeoppdrett, laksefisk
 - 9.2. Marine artar
 - 9.3. Skalldyr
 - 9.4. Ymse innan havbruk.
- I - IX Tabellar, diagrammer.

1. FISKERIRETTLEIARKONTORETS VIRKE OG FUNKSJON.

1.1. Fiskeriretttleiarkontoret.

Sidan 1982 har Sone I i Hordaland omfatta fylgjande kommunar:

Bømlo, Fitjar, Stord, Etne,
Ølen, Sveio og Kvinnherad

Nemninga for kontoret har sidan 1983 vore Fiskeriretttleiaren i Sunnhordland og kontorkommune har heile tida vore Bømlo, med adresse 5430 Bremnes. Kontorlokala som ligg i 2.etasje i Sekstanten forretningsbygg (tidlegare Bremnes Elektro A/S sitt bygg) er gode og tidhøvelege og kontoret er godt utstyrt med inventar og kontormaskinar. Arbeidstilhøva er gode.

1.2. Personalet.

Kontoret har også dette året hatt to fast tilsette: Fiskeriretttleiar og førstekontorfullmektig.

Gjennom eit visst kontorfellesskap med Sunnhordland Havbruksring sin daglege leiar har ein eit godt samarbeid med denne organisasjonen. Ved at også Ytre Sunnhordland Fiskehelseteneste har kontor på same gangen får ein eit nært samarbeid også med veterinærtjenesta og ein kan i visse høva gjera seg nytte av den ekspertise som fins der.

Havbruk går nå inn som ein del av den ordinære årsmeldinga, med eit eige tillegg for tabellar og grafikk som syner verksemda på dette feltet.

1.3. Korrespondansen.

Inngående brevjournal syner for 1991: 980 reg. (1990: 965 reg.)
Utgående - " - " " 1991: 715 " (1990: 621 ")

I desse tala er ikkje medtekne brev skrivne for fiskarar, heller ikkje er medrekna ymse skjema utsende til fiskarar utan særskild fylgjeskriv, så som skjema for opptak i manntalet, skademeldingsskjemaer, skjemaer for ymse lånesøknader osv. Som vist ovafor har både inn- og utgåande korrespondanse auka noko samanlikna med året før, med ein litt meir markant auke når det gjeld utgåande brev.

1.7. Fiskerinemnder.

Det er 5 fiskerinemnder i regionen. Kommunane Bømlo, Sveio og Kvinnherad har eigne nemnder, mens Stord/Fitjar og Etne/Ølen har felles nemnder. Alle nemndene har 5 medlemmer bortsett frå Stord/Fitjar der det er 6 medlemmer i nemnda.

1.7.a. Fiskerinemnda i Bømlo.

1. Jostein Hellen, 5430 Bremnes, leiar.
Varamedlemer:1. Harald Nøstbakken, 5440 Mosterhamn.
2. Martin Hellen, 5427 Urangsvåg.
3. Eli Anne Røksund, 5440 Mosterhamn.
2. Kristbjørg Kvamme, 5443 Bømlo, nestleiar.
Varamedlemer:1. Knut Veivåg, 5430 Bremnes.
2. Solfrid Lønning, 5443 Bømlo.
3. Otto Habbestad, 5430 Bremnes.
3. Gunnar Strand, 5443 Bømlo.
Varamedlemer:1: Harald T.Nordtun, 5430 Bremnes.
2. Johan Torkelsen, 5427 Urangsvåg.
3. Endre Bærøy, 5437 Finnås.
4. Else Møgster, 5440 Mosterhamn.
Varamedlemer:1. Sigmund Gåsland, 5427 Urangsvåg.
2. Ruth Berny Lønning, 5443 Bømlo
3. Lars Eidesvik, 5443 Bømlo.
5. Einar Krogsæter, 5430 Bremnes.
Varamedlemer:1. Johannes Størksen, 5444 Espevær.
2. Signe Marie Lønning, 5443 Bømlo.
3. Leif Bukkøy, 5420 Rubbestadneset.

1.7. b og c. Fiskerinemnda i Fitjar/Stord.

1. Kristoffer Eggøy, 5419 Fitjar, leiar.
Varamedlem: Anna Waage, 5423 Brandasund.
2. Einar Valland, 5400 Stord, nestleiar.
Varamedlem: Kurt Westerheim, 5410 Sagvåg.
3. Oskar Sørvik, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Norolf Hugøy, 5419 Fitjar.
4. Klara Torget, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Rasmus N. Fitjar, 5419 Fitjar.
5. Alf Martin Waage, 5423 Fitjar.
Varamedlem: Anna Røyrøy, 5419 Fitjar.
6. Magne W. Risvold, 5400 Stord.
Varamedlem: Nils Olav Føyen, 5410 Sagvåg.

1.7.d. Fiskerinemnda i Sveio.

1. Jan Ottar Eriksen, 5534 Valevåg, leiar.
Varamedlem: Arne Gramshaug, 5536 Tittelsnes.
2. Ivan Jørpeland, 5523 Smørsund, nestleiar.
Varamedlem: Tone Nessa, 5520 Sveio.
3. Inge Olsen, 5526 Auklandshamn.
Varamedlem: Egil N. Økland, 5526 Auklandshamn.
4. Jostein Svendsbø, 5534 Valevåg.
Varamedlem: Agnes Lid, 5530 Førde i Sunnhordland.
5. Harald Storstein, 5523 Smørsund.
Varamedlem: Kjell Eilerås, 5520 Sveio.

1.7.e og f. Fiskerinemnda i Etne/Ølen.

1. Peder Heggebø, 5580 Ølen, leiar.
Varamedlem: Kåre Heggebø, 5580 Ølen.
2. Arne Nervik, 5590 Etne, nestleiar.
Varamedlem: Jørgen Lundal, 5598 Fjæra.
3. Anna Vaka, 5584 Bjoa.
Varamedlem: Peder Berge, 5582 Ølensvåg.
4. Knut Trovåg, 5587 Vikebygd.
Varamedlem: Rakel Vaka, 5582 Ølensvåg.
5. Asgaut Ness, 5593 Skånevik.
Varamedlem: Erling Grindheim, 5590 Etne.

1.7.g. Fiskerinemnda i Kvinnherad.

1. Arild Benjaminson, 5455 Halsnøy Kloster, leiar.
Varamedlem: Jonny Sjo, 5455 Halsnøy Kloster.
2. Hannemor Kristensen, 5455 Halsnøy Kloster, nestleiar.
Varamedlem: Malvin Isdal, 5455 Halsnøy Kloster.
3. Gaute Tofte, 5454 Sæbøvik.
Varamedlem: Kjell Henning Sjo, 5454 Sæbøvik.
4. Valborg Miljeteig, 5457 Høylandsbygd.
Varamedlem: Christine Dekke, 5470 Rosendal.
5. Arne Legland, 5463 Uskedalen.
Varamedlem: Kjersti Bondhus, 5476 Mauranger.

1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene.

Møtebøkene for dei ymse kommunane syner at der gjennom året har vore ein viss auke i verksemda når det gjeld tal møter, og medgått tid, mens det vart handsama litt færre saker. Heller ikkje dette året var det turvande å ha klagehandsamingsmøte vedrørende fiskarmanntalet i nokon av kommunane. Sett opp i tabellform tek denne verksemda seg ut som fylgjer (tala for 1990 i parentes):

| <u>Fiskerinemnd:</u> | <u>Tal møter:</u> | | <u>Saker handsama:</u> | | <u>Samla møtetid:</u> | |
|-----------------------|-------------------|------|------------------------|------|-----------------------|--------|
| 1.8.a. Bømlo | 3 | (2) | 11 | (8) | 9,5 timar | (6,5) |
| 1.8.b/c. Fitjar/Stord | 2 | (2) | 9 | (9) | 4,5 " | (4,5) |
| 1.8.d. Sveio | 1 | (2) | 2 | (5) | 2,0 " | (3,5) |
| 1.8.e/f Etne/Ølen | 4 | (2) | 20 | (13) | 8,5 " | (3,5) |
| 1.8.g. Kvinnherad | 2 | (2) | 7 | (6) | 4,0 " | (5,0) |
| Total | 12 | (10) | 39 | (41) | 28,5 timar | (23,0) |

1.9. Fiskerinemndssaker.

Som tidlegare år har ein etter oppmoding frå Rettleiingstenesta sentralt freista få ned utgiftene til møtegodtgjersle og reiseutgifter til nemndene, og tykkjer ein har lukkast godt i dette. Ein har sett seg nøydd til å handsama fleire saker administrativt, hatt telefonkonferansar for å klarera saker med fiskerinemndene, og i some høve sendt heile saker til høyring og uttale hjå nemndene.

Av viktige saker som har vore handsama i nemndene i året kan ein nemna:

Fiskarmanntalssaker
Garantikassesaker
Saker vedrørende kaste/låsettingstader
Søknader til Statens Fiskarbank
Konsesjonssøknader i havbrukssektoren, t.d. saker som gjeld utviding, flytting og naudflytting av anlegg.
Uttale i samband med søknader om konsesjon for skjellsandgraving
Uttale om ymse typar arealdisponering i strandsona, så som kaibygging, hyttebygging, kloakkutslepp, kabelutleggjing osv.

2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

2.1. Fiskarmanntalet.


Tabellane nedafor syner tal fiskarar fordelt etter aldersgrupper og gjennomsnittsalder. Tabellane syner og kva manntalsliste fiskarane står på. Blad B syner kor mange som har fiske som hoved- eller eineyrke. Blad A syner dei som har fiske som attåttnæring. Dei fleste på denne lista er likevel slike som er vortne pensjonerte medan dei var yrkesfiskarar.

Tabell 2.1.a. Bømlo kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 2 | 7 | 23 | 70 | 103 | 70,45 |
| | Blad B | 15 | 72 | 47 | 49 | 30 | 6 | 0 | 219 | 37,89 |
| | Totalt | 15 | 72 | 48 | 51 | 37 | 29 | 70 | 322 | 48,31 |
| 1991 | Blad A | 0 | 0 | 2 | 2 | 6 | 25 | 65 | 100 | 70,70 |
| | Blad B | 22 | 64 | 47 | 49 | 32 | 5 | 0 | 219 | 38,52 |
| | Totalt | 22 | 64 | 49 | 51 | 38 | 30 | 65 | 319 | 48,60 |

Tabellen syner utviklinga siste året, mens diagrammet nedafor skulle gi eit bilete av utviklinga siste 10 åra. Som ein ser er det inga endring når det gjeld talet på fiskarar på blad B frå førre året.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Bømlo i perioden 1982-1991.




Tabel 2.1.b. Fitjar kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 4 | 13 | 20 | 62,36 |
| | Blad B | 1 | 5 | 7 | 4 | 5 | 1 | 0 | 23 | 39,40 |
| | Totalt | 1 | 5 | 8 | 5 | 6 | 5 | 13 | 43 | 50,08 |
| 1991 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 4 | 13 | 19 | 72,94 |
| | Blad B | 2 | 5 | 7 | 3 | 6 | 1 | 0 | 24 | 38,50 |
| | Totalt | 2 | 5 | 8 | 4 | 6 | 5 | 13 | 43 | 53,48 |

Samla har talet på fiskarar halde seg i Fitjar kommune dette året, men der er ein liten forsklyvning i favør av blad B. Kommunen er som tidligare tredje største fiskerikommunen i distriktet.

Tabellen ovafor skulle gi eit bilete av utviklinga dei to siste åra. For dei 10 siste åra, skulle diagrammet nedafor gi eit visst oversyn.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Fitjar i perioden 1982-1991




Tabel 2.1.c. Stord kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 57,50 |
| | Blad B | 0 | 4 | 1 | 2 | 5 | 2 | 0 | 14 | 45,82 |
| | Totalt | 0 | 4 | 2 | 2 | 5 | 2 | 1 | 16 | 47,15 |
| 1991 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | 2 | 70,00 |
| | Blad B | 1 | 3 | 1 | 2 | 2 | 2 | 0 | 11 | 40,36 |
| | Totalt | 1 | 3 | 1 | 2 | 3 | 2 | 1 | 13 | 44,92 |

Talet fiskarar i Stord kommune har gått attende med tre siste året, alle på blad B, blad A har same tal som førre året.

Diagrammet nedafor syner utviklinga siste 10 åra.

Grafiskframstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Stord i perioden 1982-1991.




Tabel 2.1.d. Sveio kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1990 | Blad A | 0 | 1 | 1 | 1 | 3 | 2 | 15 | 23 | 66,86 |
| | Blad B | 0 | 0 | 2 | 2 | 2 | 1 | 0 | 7 | 49,14 |
| | Totalt | 0 | 1 | 3 | 3 | 5 | 3 | 15 | 30 | 62,72 |
| 1991 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 2 | 14 | 19 | 73,10 |
| | Blad B | 1 | 0 | 3 | 1 | 2 | 3 | 0 | 10 | 47,70 |
| | Totalt | 1 | 0 | 3 | 2 | 4 | 5 | 14 | 29 | 63,34 |

Samla syner manntalet for Sveio kommune lita endring frå året før. Der er imidlertid ein auke på blad B på 3 personar. Gjennomsnittsalderen er omlag som førre året.

Diagrammet nedafor skulle gir eit oversyn over utviklinga siste 10 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Sveio i perioden 1982-1991.




Tabell 2.1.e. Etne kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 1 | 0 | 2 | 1 | 5 | 9 | 61,00 |
| | Blad B | 0 | 2 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 5 | 38,00 |
| | Totalt | 0 | 2 | 2 | 1 | 3 | 1 | 5 | 14 | 52,58 |
| 1991 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 6 | 7 | 70,42 |
| | Blad B | 0 | 1 | 3 | 1 | 1 | 0 | 0 | 6 | 38,66 |
| | Totalt | 0 | 1 | 3 | 1 | 2 | 0 | 6 | 13 | 55,76 |

For Etne kommune syner fiskarmanntalet ein tilbakegong på 1 peron siste året. For blad B var det imidlertid ein framgong på 1.

Diagrammet nedafor viser utviklinga dei siste 10 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Etne i perioden 1982-1991.




Tabell 2.1.f. Ølen kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 3 | 4 | 73,49 |
| | Blad B | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 2 | 0 | 5 | 54,59 |
| | Totalt | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 3 | 3 | 9 | 63,11 |
| 1991 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 2 | 4 | 74,25 |
| | Blad B | 1 | 0 | 2 | 0 | 1 | 3 | 0 | 7 | 48,14 |
| | Totalt | 1 | 0 | 2 | 0 | 1 | 5 | 2 | 11 | 57,63 |

Fiskarmanntalet for Ølen syner ein framgong på 2 personar på blad B. På blad A var talet det same som førre året.

Diagrammet nedafor gir eit oversyn over utviklinga dei siste 10 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Ølen i perioden 1982-1991.




Tabell 2.1.g. Kvinnherad kommune.

| År | Inn- deling | Fiskarar fordelt etter aldersgrupper | | | | | | | Totalt | Gj.sn. alder |
|------|----------------|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|--------|-----------------|
| | | 15- 19 | 20- 29 | 30- 39 | 40- 49 | 50- 59 | 60- 69 | 70- opp | | |
| 1990 | Blad A | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 8 | 27 | 37 | 72,40 |
| | Blad B | 3 | 16 | 13 | 7 | 7 | 1 | 0 | 47 | 37,90 |
| | Totalt | 3 | 16 | 13 | 7 | 9 | 9 | 27 | 84 | 52,98 |
| 1991 | Blad A | 1 | 1 | 0 | 0 | 1 | 9 | 28 | 40 | 72,29 |
| | Blad B | 3 | 18 | 13 | 5 | 6 | 1 | 0 | 46 | 33,97 |
| | Totalt | 4 | 19 | 13 | 5 | 7 | 10 | 28 | 86 | 51,79 |

Kvinnherad er framleis den nest største fiskerikommunen i regionen. Siste året gjekk talet fiskarar fram med 2 personar. Ein auke på blad A med 3, og ein tilbakegang på blad B med ein person.

Diagrammet nedafor skulle gi eit intrykk av utviklinga dei siste 10 åra.


Grafisk framstilling av sysselsetjinga
i fiskeria i Kvinnherad i perioden
1982-1991.



For rettleiardiistriktet sett under eitt finn ein at der har vore små endringar i fiskermanntalet, sju personar færre på blad A og tre fleire på blad B ved oppsetjinga av manntalslistene for påfylgjande år.

Diagrammet nedafor viser utviklinga i regionen siste 10 åra.

Grafisk framstilling av sysselsetjinga i fiskeria i Sunnhordland i perioden 1982-1991.



2.2. Sysselsettjinga i foredlingsleddet.

Sysselsettjinga i foredlingsleddet har endra seg lite siste året. Dei tradisjonelle mottaksstadene i Øklandsvåg, Melingsvåg, Espevær, Brandasund og Hovlandshagen på Bømlo har halde fram som før. I tillegg har ein fått mottak, pakking m.v. av sild og makrell ved Brandasund Fiskeforedling A/S, og ein vonar at denne verksemda kan verta utvida og gi endå fleire arbeidsplassar i framtida.

Slakte/pakkeanlegget for "edelfisk" på Sunde fekk vanskar og gjekk konkurs, slik at fiskemottaket her ikkje har fungert dette året, men ein vonar at ny drift kan koma igang om ikkje altfor lenge.

Hermetikkfabrikken i Skånevik har vore i drift også dette året, men ein hadde ein god del permitteringar av dei ca. 65 tilsette p.gr. av råstoffmangel og også vanskelege marknadstilhøve.

Anlegget for nedlegging av krabbe på Koløyholmen har vore i drift i sesongen også dette året, og har gitt kjærkomen avsetning for krabbe for eindel fiskarar i nærområdet.

Brødrene Hjønnvåg sin fiskematproduksjon i Uskedalen har gått som tidlegare.

Fiskemottaket og fiskeforretningen på Leirvik starta opp att etter konkursen førre året og har seinare vore i drift. Små ressursar av fisk i regionen har imidlertid ikkje gitt den store omsetninga, men ein vonar jo at dette kan betra seg over tid.

Arbeidet med å få til eit fiskemottak på Sydnes på Halsnøy har ikkje ført fram, og desse planane er skrinlagde, i alle fall for ei tid.

Å talfesta sysselsettjinga i mottak/tilverknadsverksemda er vanskeleg. Ein stor del av dette arbeidet er deltidarbeid, og mange av dei som tek seg av dette arbeidet arbeider dessutan i slakte/pakkeverksemdar for laksefisk. Samla for regionen vil ein anslå at det dreier seg om omlag 70-80 årsverk.

2.3. Sysselsettjinga i oppdrettsnæringa.

Sysselsettjinga i denne næringa er omtala i den delen av årsmeldinga som handlar om havbruk.

2.4. Avleia verksemd.

Forutan om fiskefarty, oppdrettsverksemdar, mottaksstasjonar og slakte- og pakkeverksemdar for oppdrettsfisk fins det i regionen ei lang rekkje verksemdar som har tilknytting til fiskeri- og oppdrettsnæringane, og ein skal her få nemna nokre av desse:

Bømlo kommune:

Wärtsilä Wichmann Diesel A/S, 5420 Rubbestadneset.
Rubb Industri A/S, "
Servogear A/S "
Matre Maskin A/S "
Matre Instruments A/S "
Innvær Plast A/S, "
Båtutrustning A/S, "
Halderaker & Sønner, Mølandsvågen, 5430 Bremnes "
Adnanes Skipsbyggeri, "
Moster Industriservice A/S, 5440 Mosterhamn.
Rolf E. Larsen, 5427 Urangsvåg.
Elektronikk Service A/S, 5437 Finnås
Elektro Installasjon A/S, 5430 Bremnes.
Johs. Mähle, 5444 Espevær.
Bømmeløy Mek. Verksted A/S, 5443 Bømlo
Jonas Kvernenes, Mek.Verksted, 5444 Espevær.
Bømlo Elektriske, 5443 Bømlo.

Bømlo Construction Services A/S, 5440 Mosterhamn.
Sæverud & Simonsen A/S, 5443 Bømlo.
Lønning & Særsten A/S, 5430 Bremnes
Bømlo Brønnbåtsservice A/S, "

Fitjar Kommune.

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S, 5419 Fitjar.
Fitjar Mek.Verksted A/S, "
Vik og Sanvik A/S, "
Knut L. Rydland A/S, "
M.Dahl-Helland, "
Ole Havn, Koløyholmen, "
Andersen & Sønner, Dåfjord, "
Johnsen Plastindustri, 5423 Brandasund.
Johnsen Slipp, "

Stord kommune.

A/S Seglneset Mek.Verksted, 5410 Sagvåg
Risnes Sønner A/S, "
Eldøy Mek.Verksted, 5400 Stord.
Sunnhordland Elektro A/S, 5400 Stord.
Oma Baatbyggeri A/S, "
Leirvik Sveis A/S, "
Aqua Consult A/S, "

Kvinnherad kommune.

Eide Contracting A/S, 5457 Høylandsbygd.
Eidsvik Skippsbyggeri A/S, 5463 Uskedalen.
Th.Hellesøy Skippsbyggeri, 5474 Løfallstrand.
Kvinnherad Sveis og Montering A/S, 5451 Valen.
Harding Safety A/S, 5472 Seimsfoss

Etne kommune.

Sunnhordland Mek.Verksted A/S, 5593 Skånevik.
Skånevik Mek.Verksted, "
Delta Plast A/S, "

Sveio kommune.

Øklandsnes Slip & Mmotorverksted, 5526 Auklandshamn.

Ølen kommune.

West Contractors, avd. Ølen Skips, 5582 Ølensvåg.

3. FISKEFLÅTEN.

3.1. Merkereregisteret.

I tabellane 3.1. a - g finn ein eit oversyn over merkerigistrerte fiskefarty i rettleiardistriktet. Som nemnt i årsmeldinga for førre året har ein frå 1989 ført alle registra for regionen ved fiskeri-rettleiarkontoret, og ein har nå register som til ei kvar tid er førde ajour på lokalplanet.

Stryking av farty eigde av pensjonistar når dei får pålegg frå Skipskontrollen har minka heilt av siste året, og ein har hatt ei netto stryking i regionen siste året på berre 2 farty.

Tabellane på dei fylgjande sidene syner utviklinga for dei einskilde kommunane, og på side 19 finn ein ei grafisk framstilling av utviklinga når det gjeld merkerigistrerte farty i Sunnhordlandskommunane i åra 1981, 1985 og 1991.

Tabell 3.1.a. Merkereregisterdata for 1991.

Bømlo kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|------------|----------------|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 179 | 1 | 126 | 25 | 10 | 4 | 13 |
| Avgong | 10 | - | 6 | 1 | - | 1 | 2 |
| Tilgong | 6 | - | 3 | 1 | 1 | - | 1 |
| Pr.31/12 | 175 | 1 | 123 | 25 | 11 | 3 | 12 |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 4 | - | 1 | 1 | 2 | - | - |
| 1930-39 | 7 | - | 4 | 3 | - | - | - |
| 1940-49 | 7 | - | 5 | 1 | - | - | 1 |
| 1950-59 | 21 | - | 12 | 5 | 2 | 2 | - |
| 1960-69 | 34 | - | 26 | 2 | 1 | 1 | 4 |
| 1970-79 | 50 | - | 36 | 6 | 2 | - | 6 |
| 1980-84 | 37 | 1 | 28 | 6 | 2 | - | - |
| Etter-85 | 11 | - | 7 | 1 | 2 | - | 1 |
| Ukjendt | 4 | - | 4 | - | - | - | - |
| Totalt | 175 | 1 | 123 | 25 | 11 | 3 | 12 |

Tabell 3.1.b. Merkerregisterdata for 1991.

Fitjar kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 38 | - | 28 | 9 | - | - | - |
| Avgong | 2 | - | - | 1 | - | - | - |
| Tilgong | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Pr. 31/12 | 37 | - | 29 | 8 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1940-49 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 3 | - | 2 | 1 | - | - | - |
| 1970-79 | 14 | - | 13 | 1 | - | - | - |
| 1980-84 | 14 | - | 9 | 5 | - | - | - |
| Etter-85 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Ukjendt | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Totalt | 37 | - | 29 | 8 | - | - | - |

Tabell 3.1.c. Merkerregisterdata for 1991.

Stord kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 8 | - | 7 | 1 | - | - | - |
| Avgong | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Tilgong | - | - | - | - | - | - | - |
| Pr. 31/12 | 7 | - | 6 | 1 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1940-49 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1950-59 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 3 | - | 3 | - | - | - | - |
| 1970-79 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Etter-85 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Ukjendt | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Totalt | 7 | - | 6 | 1 | - | - | - |

Tabell 3.1.d. Merkerregisterdata for 1991.

Sveio kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 28 | - | 27 | 1 | - | - | - |
| Avgong | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| Tilgong | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 28 | - | 27 | 1 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1940-49 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 8 | - | 8 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1970-79 | 5 | - | 5 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 3 | - | 2 | 1 | - | - | - |
| Etter-85 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| Ukjendt | 5 | - | 5 | - | - | - | - |
| Totalt | 28 | - | 27 | 1 | - | - | - |

Tabell 3.1.e. Merkerregisterdata for 1991.

Etne kommune.

| Tal farty | Totalt | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| | | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 9 | 1 | 7 | 1 | - | - | - |
| Avgong | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Tilgong | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Pr.31/12 | 9 | 1 | 7 | 1 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1940-49 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1960-69 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| 1970-79 | 2 | 1 | 1 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 1 | - | - | - | - | - | - |
| Etter-85 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Ukjendt | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Totalt | 9 | 1 | 7 | 1 | - | - | - |

Tabell 3.1.g. Merkerregisterdata for 1991.

Ølen kommune.


| Tal | | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| farty | Totalt | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 10 | - | 7 | 3 | - | - | - |
| Avgong | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| Tilgong | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Pr. 31/12 | 10 | - | 8 | 2 | - | - | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1930-39 | 0 | - | - | - | - | - | - |
| 1940-49 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 4 | - | 3 | 1 | - | - | - |
| 1960-69 | 1 | - | - | 1 | - | - | - |
| 1970-79 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| 1980-84 | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Etter-85 | 2 | - | 2 | - | - | - | - |
| Ukjendt | 0 | - | - | - | - | - | - |
| Totalt | 10 | | 8 | 2 | - | - | - |

Tabell 3.1.f. Merkerregisterdata for 1991.

Kvinnherad kommune.

| Tal | | Lengde i meter | | | | | |
|-----------------|--------|----------------|---------|-----------|-----------|-----------|---------|
| farty | Totalt | 0,0-4,9 | 5,0-9,9 | 10,0-14,9 | 15,0-19,9 | 20,0-29,9 | Over 30 |
| Pr. 1/1 | 68 | - | 53 | 9 | 5 | 1 | - |
| Avgong | 1 | - | 1 | - | - | - | - |
| Tilgong | 4 | - | 3 | 1 | - | - | - |
| Pr. 31/12 | 71 | - | 55 | 10 | 5 | 1 | - |
| Byggjeår | | | | | | | |
| Før 1929 | 2 | - | 1 | - | 1 | - | - |
| 1930-39 | 2 | - | 1 | - | 1 | - | - |
| 1940-49 | 4 | - | 4 | - | - | - | - |
| 1950-59 | 9 | - | 5 | - | 3 | 1 | - |
| 1960-69 | 11 | - | 10 | 1 | - | - | - |
| 1970-79 | 21 | - | 18 | 3 | - | - | - |
| 1980-84 | 14 | - | 10 | 4 | - | - | - |
| Etter-85 | 5 | - | 3 | 2 | - | - | - |
| Ukjendt | 3 | - | 3 | - | - | 1 | - |
| Totalt | 71 | - | 55 | 10 | 5 | 1 | - |

MERKEREISTRERTE FISKEFARTY I
SUNNHORDLAND.



SAMANLIKNING MELLOM 1981, 1985 OG 1991.

3.2. Konsesjonar.

I tabellen nedafor vil ein finna ei oversikt over dei konsesjonane i fiske som var haldne av fiskarar/farty frå Sunnhordland ved utgangen av 1991.

| Kommune | Nordsjø/ loddetrål | Ringnot | Seinot | Torskekvote nord for 62° |
|------------|-----------------------|---------|--------|-----------------------------|
| Bømlø | 14 * | 2 * | 1 * | 5 |
| Fitjar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Stord | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ølen | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Etne | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kvinnherad | 0 | 0 | 0 | 3 |
| Sveio | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilsaman | 14 | 2 | 1 | 8 |

Postane merkt * syner til at det er eit og same farty som har konsesjon for fleire fiskeri.

Tilsaman 8 farty frå distriktet hadde fartykvote i torskefisket nord for 62° i 1991. Dette var 3 fleire enn førre året.

4. FOREDLINGSLEDDET.

4.1. Oppfiska kvantum / verde.

Nå, som tidlegare år, har skort på anlegg i land, som kan ta mot fisk for filletering, for pilling av reker, for fisk til hermetikk m.v., ført til at det meste av fisken som vart fiska av fiskarane i regionen er vorten levert utanom fiskarane sin heimstadkommune.

Mottaksanlegga i Øklandsvåg, Melingvåg, Espevær, Brandasund, Stord og Hovlandshagen (Søra Bømlo) har som nemnt tidlegare i denne meldinga vore i verksemd også dette året. For Nordsjøtrålerane frå Bømlo er det anlegget i Hovlandshagen som har hatt størst betydning då dei har kunna levert konsumfisken sin her.

I Øklandsvåg og Brandasund var i det også dette året mottak av makrell, men då drivgarnsfiske ikkje vart noko av var kvantumet lite. Eindel notfanga makrell og sild er leverte til anlegg på kysten, og til utalandske kjøparfarty i Børøyfjorden og Fitjarvika. Prisane som vart betalte er imidlertid urimeleg låge.

Som i tidlegare år har det vist seg vanskeleg å få statistikk over landa fangst/verde frå dei ymse fiskesalslag som fiskarane i regionen har levert til gjennom året, og dei oppgaver ein får frå Fiskeridirektoratet er helst gamle og lite eigna til å syna tala for oppfiska kvantum/verde for einskildkommunar eller regionar.

På basis av innkomne sikringstrekk til kommunekasserarane har ein rekna seg til at samla verde av fangst i regionen i 1991 utgjer ca. kr. 100 mill. Av dette er størsteparten levert av Nordsjøtrålarane/ringnotfartya, mens kystnotflåten står for det meste av det som er att. Bømlo er den desidert største fiskerikommunen med landa fangstar for noko over kr. 86,5 millionar, mens Kvinnherad og Fitjar fylgjer deretter med henholdsvis ca. kr. 8,5 og kr. 3,0 millionar. Til samanlikning var dei tilsvarande tal for 1986 (siste året med påliteleg statistikk) omlag som fylgjer: Totalt kr.85,8 mill., Bømlo kr. 77,7 mill., Kvinnherad kr. 5,4 mill. og Fitjar kr. 2.1 mill.

6. LÅNE- OG ANDRE FINANSKJELDER.

6.1. Statens Fiskarbank.

Tabellen på neste side gir eit oversyn over søknader om lån frå og tilsagn om lån til fiskarar i regionen.

6.2. Distriktenes Utbyggingsfond.

Det har dette året ikkje vore søknader til Distriktenes Utbyggingsfond innom kontoret her. Det meste av slike søknader går gjennom dei einskilte tiltakskontora, men så langt ein kjenner til har heller ikkje desse fremja søknader frå fiskerinæringa dette året.

STATENS FISKARBANK. Låneverksemnda i Sunnhordland i 1991.

BØMLO KOMMUNE.

| Type lån/tilskot | Tal søkn. | Tal tils. | Omsøkt kr. | Tilsagn kr. |
|-----------------------------|-----------|-----------|-------------------|-------------------|
| Lån til nytt farty | 1 | 0 | 5.508.000 | 0 |
| " " brukt farty | 3 | 3 | 4.170.000 | 3.950.000 |
| " " reidskap | 6 | 4 | 1.630.000 | 725.000 |
| " " omb./ny motor/utst. | 3 | 3 | 2.740.000 | 2.150.000 |
| Likviditets/refinans. lån | 2 | 2 | - * | 1.046.000 |
| Likviditets/refinans.tilsk. | 1 | 1 | - * | 1.383.000 |
| Tilleggslån | 3 | 3 | 2.500.000 | 1.800.000 |
| Tilskot til arb.miljøtiltak | 3 | 2 | 135.000 | 42.000 |
| " " kondemnering | 1 | 0 | - * | 0 |
| Sum | 23 | 18 | 16.675.000 | 11.096.000 |

For postane merkt * er det ikkje søkt om fast sum.

KVINNHERAD KOMMUNE.

| Type lån/tilskot | Tal søkn. | Tal tils. | Omsøkt kr. | Tilsagn kr. |
|-----------------------------|-----------|-----------|----------------|----------------|
| Lån til brukt farty | 0 | 0 | 0 | 0 |
| " " omb./ny motor | 2 | 1 | 790.000 | 250.000 |
| Tilskot til arb.miljøtiltak | 1 | 1 | 60.000 | 55.000 |
| " " gjeldssanering | 1 | 0 | - * | 0 |
| Sum | 4 | 2 | 850.000 | 305.000 |

For posten merkt * er ikkje søkt om fast sum.

Frå kommunane Etne, Stord, Sveio og Ølen var der ingen søknader i 1990.

Frå Fitjar var der ein søknad om lån til ny sonar, søknadssum kr. 80.000. Denne vart stetta.

Samanliknar ein med 1989 og 1990 får ein fylgjande resultat:

| År: | Samla tal søknader: | Søknadssum: | Tilsagnssum: | % - tilsagn: |
|-------|---------------------|----------------|----------------|--------------|
| 1989: | 55 | kr. 51,6 mill. | kr. 23,7 mill. | 45,80 |
| 1990: | 29 | " 22,4 " | " 9,5 " | 42,40 |
| 1991: | 28 | " 17,6 " | " 11,5 " | 65,70* |

*
 Prosentatsen er ikkje direkte samanliknbar med tidlegare år.
 Kfr. merknadene ovafor.

7. TILTAK/TILTAKSPLANAR.

Rettleiarkontoret har ikkje hatt kapasitet til å driva tiltaksarbeid i eigen regi, og har heller ikkje utarbeid eigne planar for slikt arbeid. Ein har imidlertid samarbeidd med dei einiskilde tiltakskontora i kommunane når det har vore ynskjeleg. I denne samanhengen kan nemnast at ein har hatt god nytte av samarbeidet med Sunnhordland Havbruksring og dagleg leiar av denne organisasjonen.

8. SUMMERING.

8.1. Rettleiingstenesta.

Aktiviteten i Rettleiingstenesta v/fiskerinemdene er omtala i kapittel 1.8 og 1.9 i denne årsmeldinga.

8.2. Fiskerinæringa.

Distriktet fekk dette året tilført eitt større farty, ein topp moderne Nordsjøtrålar, bygd i Polen, men innreida i Noreg. På den andre sida vart to Nordsjøtrålarar selde ut av distriktet slik at det vart ein netto nedgang på ein. Nordsjøtrålarane hadde eit jamnt bra fiske, og fekk for første gong på fleire år ta del i loddefisket att. Imidlertid er prisane svært låge, og dei fleste slit med altfor stor lånebelastning. Det er derfor vanskeleg å få til lønsam drift.

For kystfiskeflåten har det ikkje vore store endringar. Jamnt over kom vel kystnotflåten nokolunde bra frå året. Palefisket var framleis dårleg, mens det vart noko betre med makrell og sild. Eindel farty hadde eit brukbart brislingfiske, men mange stopp i fisket p.gr.av avtaksvanskar drog resultatet ned.

Reketrålarane på kysten og dei nære farvatn hadde nok eit dårleg år, med sviktande ressursar, og dårlege pristilhøve, og ein slit framleis med vanskane med å få levert saltkokt reke av noko omfang.

Dei to nye fartya i denne gruppa som ein omtala i siste årsmelding har bae gitt opp og eigarane har måtta kvitta seg med fartya.

Heimefiskarane på einmannssjarkar er så desidert dei store taparane. Fiskeressursane strekk ikkje til for å få lønsemd i dette fiske, og svært mange er nøydde for å gå på minstelut store delar av året. Dette kan naturleg nok ikkje halda fram i all æva, og ein må vel rekna med at dette fisket heretter vert meir eller mindre eit fiske for pensjonistar.

Krav om erstatning for skade på fiskereidskap på grunn av oljeverksemda har gått noko ned i tal. Ei av årsakene kan vera at det synest som om det er vanskelegare å få gjennomslag for krava etter den nye ordninga, i alle høve tar det lengre tid før ein får krava stetta.

HAVBRUK 1991.

Tabell 1: Matfiskanlegg. (Tala for 1990 i parentes.)

| | BØMLO | ETNE | FITJAR | KV.HERAD | SVEIO | TOTAL | |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|--------------------|
| MATFISKANLEGG: | <u>11(11)</u> | <u>3(3)</u> | <u>5(5)</u> | <u>2(2)</u> | <u>5*(5)</u> | <u>4(4)</u> | <u>30(30)</u> |
| SMOLT UTSETT (1000 stk.) | 1180 (1299) | 360 (400) | 237 (519) | 435 (425) | 515 (560) | 350 (377) | 3077 (3580) |
| FISK TEKEN OPP (tonn) | 3543 (2557) | 760 (865) | 722 (940) | 1535 (561) | 719 (1488) | 1120 (1281) | 8399 (7722) |
| VERDE AV OPP- TEKEN FISK (1000 Kr.) | 96225 (72150) | 20151 (23442) | 19500 (24745) | 44123 (14597) | 17250 (38169) | 33762 (32864) | 231011 (206567) |
| INVESTERT I ÅRET (1000 Kr.) | 4010 (10970) | 311 (2710) | - (307) | 1150 (4535) | 2235 (5700) | 948 (1189) | 8654 (25611) |
| FAST TILSETTE: | | | | | | | |
| Menn | 36(35) | 8(6) | 7(13) | 12(7) | 9(9) | 11(11) | 83(81) |
| Kvinner | 3 (2) | 0(0) | 1 (0) | 1(1) | 2(1) | 1 (2) | 8 (6) |
| DELTIDSTILSETTE: | | | | | | | |
| Menn | 12(12) | 1(2) | 0(0) | 0(0) | 4(4) | 5(6) | 22(24) |
| Kvinner | 6 (5) | 0(2) | 0(1) | 1(0) | 2(4) | 1(2) | 10(14) |

*) Dette er anlegg med mellombels lokalisering i Kvinnherad. Då produksjonen har funne stad her, og likeeins sysselsetjinga, har ein valgt å ta dei med i totalsummen for distriktet.

PRODUKSJON:

Også dette året vart det ein viss auke i produksjonen av laks i regionen, samla omlag 500 tonn. Nokre kommunar hadde nedgang i produksjonen mens andre hadde monaleg auke. Talet på utsett smolt har som venta gått ned samanlikna med 1990. Nedgangen var ca. 14%. Sysselsetjinga var omlag som førre året.

VERDE:

Ser ein på verde av produksjonen, vil ein sjå at også denne har auka, og at gjennomsnittsprisen faktisk har vore omlag, eller endåtil litt høgare enn i 1990. Investeringane har gått monaleg ned, faktisk med ca. 2/3.

Tabell 2: Setjefiskanlegg. (Tala for 1990 i parentes.)

| | BØMLO | ETNE | FITJAR | KV.HERAD | STORD* | SVEIO | ØLEN | TOTALT |
|--------------------------------------|------------------|----------------|-----------------|------------------|----------------|------------------|----------------|------------------|
| KLEKKERI/ SETJEFISKANL.: | <u>6(6)</u> | <u>1(1)</u> | <u>2(2)</u> | <u>4(6)</u> | <u>2(2)</u> | <u>5(5)</u> | <u>1(1)</u> | <u>21(23)</u> |
| KLEKT ROGN (liter) | 954 (1075) | 120 (100) | 460 (700) | 685 (720) | 0 (0) | 620 (690) | 225 (350) | 3064 (3635) |
| SMOLT PROD. (1000 stk.) | 2060 (2361) | 130 (120) | 880 (1000) | 1970 (2000) | 335 (532) | 1140 (1563) | 450 (520) | 6965 (8096) |
| VERDE AV PROD.SMOLT (1000 Kr.) | 19500 (22105) | 1570 (1080) | 9790 (10300) | 18275 (27930) | 3350 (5450) | 11400 (15042) | 4000 (4500) | 67885 (86407) |
| INVESTERT I ÅRET (1000 Kr.) | 700 (1113) | 130 (300) | 2200 (850) | 150 (875) | 45 (38) | 1500 (980) | 0 (0) | 4725 (4156) |
| <u>FAST TILSETTE:</u> | | | | | | | | |
| Menn | 12(11) | 1(1) | 4(4) | 8(15) | 2(2) | 6(10) | 1(1) | 34(44) |
| Kvinner | 1(3) | 0(0) | 2(1) | 2(1) | 0(0) | 3(3) | 2(2) | 10(10) |
| <u>DELTIDSTILSETTE:</u> | | | | | | | | |
| Menn | 1(4) | 0(0) | 0(2) | 0(2) | 1(2) | 1(1) | 0(1) | 3(12) |
| Kvinner | 8(7) | 0(0) | 0(0) | 6(8) | 0(2) | 0(0) | 2(0) | 16(17) |

* Tala for STORD er noko usikre p.gr. av konkurs i eit av anlegga.

Vanskane i setjefiskproduksjonen vart ikkje betre i 1991, og ei rekkje anlegg gjekk konkurs (t.d. heile tre berre i BØMLO.) Fleire mindre anlegg har ikkje vore i drift i det heile dette året.

PRODUKSJON:

Som nemnt i årsmeldinga gjekk innlegginga av rogn sterkt ned i 1990, og dette gir seg utslag i redusert smoltproduksjon i år. Nedgangen er ca. 14%.

VERDE:

Verde av produsert smolt gjekk drastisk ned, heile 21,5%. Ein del av årsaka er dårleg pris generelt, og ekstra dårleg for den som vart destruert (dersom produsentane fekk oppgjær for denne i det heile.)

SYSSELSETJINGA:

Talet for sysselsetjing må sjåast på samla for matfisk, setjefisk og slakte/pakkeanlegg då same staben ofte vert brukt til dei ymse verksemder utan å vera heilt klårt skilde åt i statistikken.

Ein viser i denne samanhengen til tabell 4 som syner samla sysselsetjing i regionen.

Tabell 3: Slakte-/pakkeanlegg. (Tala for 1990 i parentes.)

| | BØMLO | FITJAR | SVEIO | KV.HERAD | TOTALT |
|--|----------------|---------------|----------------|----------------|----------------|
| SLAKTE-/ PAKKEANLEGG | <u>3(4)</u> | <u>1(1)</u> | <u>1(1)</u> | <u>1(1)</u> | <u>6(7)</u> |
| MENGDE MOTTEKEN FOR PAKKING/SLAKTING I ÅRET (tonn) | 3325 (2350) | 1150 (650) | 2100 (1900) | 1500 (1400) | 8075 (6300) |
| INVESTERINGAR I ÅRET (1000 Kr.) | 200 (2100) | 2200 (350) | 900 (890) | 0 (0) | 3100 (3340) |
| <u>FAST TILSETTE:</u> | | | | | |
| Menn | 5 (7) | 4(3) | 2(2) | 2 (1) | 13(13) |
| Kvinner | 1 (0) | 0(0) | 0(0) | 0 (0) | 1 (0) |
| <u>DELTIDSTILSETTE:</u> | | | | | |
| Menn | 7 (5) | 3(3) | 5(3) | 4 (3) | 19(14) |
| Kvinner | 14(38) | 10(9) | 7(9) | 14(13) | 45(69) |

Matfisk slakta og pakka i regionen har gått opp med omlag 1.775 tonn frå året før (ca.28%). Delvis kjem dette av at produksjonen har gått noko opp i regionen, men det er og tydeleg at ein har fått større tilførsler for slakting/pakking frå andre regionar.

Regionen er godt dekkja når det gjeld kapasitet for slakting/pakking, og det skulle ikkje vera nokon påtrengjande trong for vidare utbyggjing nå.

Slakte/pakkeanlegget i Kvinnherad har slite med dårleg økonomi, og gjekk konkurs i løpet av året. Ein vonar dette anlegget kan koma i gong att, og at ein finn utveg til å få tilført nok råstoff til at anlegget kan driva lønsamt.

Tabell 4: Samla verksemd i oppdrettsnæringa.
(Tala for 1990 i parentes.)

| | | |
|----------------------|---------------|---------|
| VERKSEMDER | 57* | (60)* |
| UTSETT SMOLT | 3,1 Mill stk. | (3,6) |
| PRODUSERT SMOLT | 7,0 " " | (8,1) |
| PRODUSERT MATFISK | 8.399 tonn | (7.700) |
| INVESTERINGAR | 16,5 mill.kr. | (33,1) |
| SAMLA OMSETNAD | 299,0 " " | (293,0) |
| SYSSELSETTJINGA: | | |
| Fast tilsette menn | 130 | (138) |
| " " kvinner | 19 | (16) |
| Deltidstilsette menn | 44 | (50) |
| - " " kvinner | 71 | (100) |

*I desse tala er i år inkludert 6 (7 for 1990) anlegg for slakting/pakking av laks. Dette særleg for å få fram samla sysselsetjing i næringa.

Samla omsetnad for matfisk- og setjefiskanlegg syner i 1991 ein verdemissig stigning på ca.2%. Dette er imidlertid eit resultat av ein heller stor auke i matfiskproduksjonen, og ein omlag tilsvarand nedgong for setjefiskproduksjonen.

Investeringane i året gjekk attende med omlag 50% samanlikna med 1990, og dette reflekterar vel eindel av dei vanskane næringa har for tida.

Ser ein på sysselsetjingstala vil ein finna at det har vore tilbakegong både når det gjeld menn og kvinner, såvel faste som deltidstilsette, og dette syner vel og det same som det ein har nemnt i avsnittet ovafor.

FIG. 1. PRODUSERT MATFISK I SUNNHHORDLD.




FIG. 2. PRODUSERT SETJEFISK I SUNNHLD.




FIG. 3. SLAKTA/PAKKA LAKSEFISK I SH.LAND




FIG. 4. SYSSELSETJINGA I OPPDR.NÆRINGA I SUNNHORDLAND. (MATFISK/SMOLTPROD.)




FIG. 5. PRODUSERT MATFISK (LAKSEFISK) I
SUNNHORDLAND 1985 - 1990.




FIG. 6. PRODUSERT SMOLT I SUNNHORDLAND
1985 - 1991.




FIG. 7. SLAKTING/PÅKING AV LAKS I
SUNNHORDLAND 1985 - 1991.




FIG. 8. INVESTERINGAR I MATFISK- OG
SETJEFISKANLEGG I SUNNH.LAND 1985 - 1991





FIG. 9. GJENNOMSNIITSPRISAR FOR
LAKS OG SMOLT 1985 - 1991.



9. HAVBRUK.

9.1. Fiskeoppdrett.

Også dette året har arbeidet med å skaffa brukandes og permanente lokalitetar for oppdrettsnæringa vore eit sentralt arbeidsfelt for kontoret.

Gode og trygge lokalitetar og nok avlastningslokalitetar er eit vilkår for at næringa skal kunna driva rasjonelt, og tilgangen på slike varierer frå kommune til kommune.

At Bømlo og Fitjar nå har fått, og arbeider etter godkjende kommuneplanar der også sjøareala er medtekne, gjer arbeidet med å finna fram til ordningar for lokalitetar lettare, og oppdrettarane veit meir kva dei har å halda seg til. Kvinnherad har fått utarbeid noko som vert kalla ein "kystsonanalyse" for kommunen. Langt på veg verkar denne som ein kystsonplan, men er ikkje så bindande. I dei andre kommunane er ein ikkje komen så langt med kystsonplanane, jamvel om alle har gjort ei mengd naudsynte registreringar alt i 1985. Det er å vona at også desse kommunane kan få utarbeidd kommuneplanar der sjøareala er medtekne.

Matfiskproduksjonen syner også i 1991 ein auke. Noko av årsaka til dette kan vera stor nedslakting av fjorårssmolt på gr. av dårleg økonomi og frykt for sjukdom, men noko kjem og av at smoltutsettet hadde vore stort.

Konkursen i FOS har råka næringa i distriktet hardt, og med låge prisar også etter konkursen, er det mange som har vanskar med å få kreditt for kjøp av smolt o.l. Til denne tid er det imidlertid ikkje registrert at nokon har gått konkurs i dette året, men fåren er stor for ein del oppdrettarar.

Tabell 1 og Fig. 1 gir nærare oversyn over utviklinga innan denne greina av næringa.

Setjefiskproduksjonen har gått monaleg ned siste året, men er ennå meir enn dobbelt så stor som det som trengst for utsetjing i matfiskanlegga i regionen. Året vart svært vanskeleg for dei fleste setjefiskprodusentane, og mange gjekk konkurs, såleis heile 3 berre i Bømlo kommune. Dei fleste har fått refinansiering eller er tekne over av andre og er komne i produksjon att, men det er klårt at denne delen av næringa endå ikkje er ute av vanskanane. Mykje vil avhengja av prisen på smolt i 1992, og på mengda av utsett smolt til våren.

Tabell 2 og Fig. 2 syner utviklinga i regionen når det gjeld setjefiskproduksjonen siste året.

Slakting/pakking av matfisk vert omtala og synt grafisk i Tabell 3 og Fig. 3.

Samla verksemd og sysselsetjinga i regionen er omtala og synt i Tabell 4, Fig. 4.

Samanlikningar for dei siste 7 åra når det gjeld matfiskproduksjon, setjefiskproduksjon, slakting/pakking, investeringar og gjennomsnittsprisar finn ein i dei grafiske framstillingane Fig. 5 - 9.

9.2. Marine artar.

Det store gjennombrøtet for oppdrett av marine artar har også dette året lete venta på seg. Som tidlegare år er det berre produsert nokre få tonn torsk, og det meste av dette er ung villfisk fanga og sett i oppdrett. Mangel på yngel, og låg pris på produkta, har ikkje freista folk til å satsa nemnande. Fleire av dei som i si tid fekk tildelt konsesjon har ikkje nytta denne innafor fristen, og har fått løyva dregne attende.

Yngelproduksjon har heller ikkje gjort store framsteg. Produksjonen av piggvaryngel for eksport har halde fram, medan produksjon av yngel av andre artar som t.d. kveite, steinbit osv. har synt liten framgang.

Planane for oppstarting av Sunnhordland Marin Yngelproduksjon, som vart etablert i 1988, ser ut til å vera skrinlagde, i alle fall er dei lagde på is på ubestemt tid.

9.3. Skalldyr.

Interessa for skalldyrproduksjon ser ut til å mangla. Ei av årsakene kan vera dårlege mottakstilhøve for det ferdige produkt, men også det at det i ytre distrikt har vore vanskeleg å få fram produksjonen til salsvare på gr. av predatorar (ærfugl, sjøpølser o.l.) Eindel østers er vorte marknadsført, og til brukande prisar, men ennå synest kvantumet å vera lite. Planane for å få til eit mottak på Sydnes på Halsnøy er, så langt ein veit, vortne skrinlagde,

Yngelproduksjonen av østers har halde fram som før.

9.4. Ymse innan havbruk.

Fiskehelsetenesta i regionen har vore ivareteken av Ytre Sunnhordland Fiskehelseteneste. Regionen har vore plaga av sjukdom, både furunkolose, ILA og IPN, og neddauinga har vore tildels stor. Også indre delar av Sunnhordland har nå vore utsett for furunkolose, og heile regionen er såleis infisert. Oppdrettarane har svært ofte naudslakta for å unngå dei største skadeverknadene.

Sunnhordland Havbruksring har vore verksam heile året. Det er forutan det interne arbeidet mellom ringen sine medlemmer blitt arrangert konferansar, seminar og møter. Samarbeidet med ringen og oppdrettarlaget har vore det aller beste, og ein har nytta seg av dei fordelar som fylgjer med at ein har delvis kontorfellesskap med ringen og laget sin daglege leiar.

Ei melding som denne har lett for å verta for omfemnande, og å innskrenka seg er vanskeleg. Nokon vil nok leita forgjeves etter ting av spesiell interesse for dei, mens andre vil finna andre ting altfor detaljerte. Dette får ein freista retta på til neste årsmelding, dersom dei rette innspela kjem.



R. Innvær
Fiskerirettleiar.

Bremnes, 23. juli 1991.